



Sunnfjord kommune

Naustdal skule

Referat frå elevrådsmøte for 8-10

Måndag 2.oktober

2.time, på naturfagrommet

Desse møtte:

Elevrådsrepresentantar 8A: Fride Lunde Aven, Sofie Sølvsberg

Elevrådsrepresentantar 8B: Lotta Slettehaug, Lilje Kristine Myrvang Røyseth

Elevrådsrepresentantar 9.: Silja Bergby Carlsen, Kristina Smådal Haugsbø, Sverre Solvåg-Hellevang,
Victoria Vonen

Elevrådsrepresentantar 10A: Nikoline Hylland Fitje, Nemi Angelica Vigdal

Elevrådsrepresentantar 10B: Henrik Sunnarvik Svorstøl, Madeleine Wiström Vefring

SAKSLISTE

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste til møte 02.10.23 og referat frå møtet 19.09.23

Godkjent

Sak 2: Framhald val til ulike verv

- Val av referentar til elevrådet
Ettersom det ikkje er nokon av elevrådsrepresentantane som ynskjer å vere referent i elevrådet, vert det sett opp liste, slik at arbeidet med å vere referent rullerer.
- Val av to varamedlemmar til skulemiljøutvalet.
Nemi Angelica Vigdal
Martine Thingnes

Sak 3: Evaluering av valvaka

Innspel frå klassane på kva som var bra, og kva som kunne ha vore annleis

	Bra	Kunne vore annleis
8A	Turnering, sitte mange i lag når ein åt. Volleyball	Kjedeleg å sjå på valet. Meir juice og kanelbolla. Quiz. Litt meir fritid
8B	Volleyball turnering, blanda lag på quiz, mat.	Blanda lag på turnering, all snakking framme med scena.
9.	Turneringa, at alle fekk vere i lag. Kveldsmat. Moro måte å lære på.	Quiz kjedeleg, betre med kahoot. Skulle ønske det var partileiardebatt. Valet var uoversiktleg frå dei nasjonale sendingane.
10A	Gøy med volleyball,	Ikkje kanonball
10B	Likte volleyball. Likte å vinne.	

Elevrådet er positive til at det vert arrangert valvake eller andre typar tilsvarande arrangement.



Sak 4: Innefriminutt og aktivitet i hallen, etter haustferien

Gjennomgang av reglar for innefriminutt og aktivitet i hallen.

Reglane vert hengt opp i klasserommet, og elevrådsrepresentantane går gjennom reglane i klassen.

Det vert hallaktivitet tysdagar og fredagar, truleg frå veke 43.

Sal 1:	Frileik – utan ballspel
Sal 2:	Volleyball
Sal 3:	Stikkball

Elevrådsrepresentantane spør i klassane om det er nokon som kan tenke seg å vere med å lage til.

Sak 5: Saker frå trinna

8A	
8B	<u>Dusjforheng</u> Dette er ei sak som elevråda starta å arbeide med i fjor vår. Vi sjekkar ut om elevrådet på 5-7, tenker at dette framleis er ei aktuell. Elevrådsrepresentantane spør i klassane om det er nokon som ynskjer å vere med å arbeide meir med denne saka.
9.	<u>Skiljeveggjar i dusjen</u> Kjem under same som dusjforheng. <u>Slalåm</u> Våren 2023 vart det bestemt at ein hausten 2023 skal gjere ei ny vurdering av om ein kan reise i slalåmbakken når det er skidag. Transportkostnadane er større dersom ein reiser i slalåmbakken i staden for i Instedalen. Ein må vurdere dette opp mot andre aktivitetar som også har kostnader knytt til seg. Elevrådsrepresentantane sjekkar kor stor interesse det er for å reise i slalåmbakken, slik at ein har dette til vi skal arbeide med denne saka. <u>Varmt vatn i dusjen</u> Elevane melder om at det ikkje er varmt vatn i dusjen. Else melder dette vidare til Johan. <u>Overnatting på skulen – med volleyballturnering</u> Dette har vore oppe som tema fleire gongar tidlegare, og ein har då komme framtil at dette eventuelt er noko som må vere i regi av foreldre.
10A	
10B	<u>Slalåm</u> Sjå over



10.klasse ynskjer å gå på butikken.

Dette er ei sak som har vore diskutert feire gongar dei siste åra, og ein har konkludert med at dette ikkje er aktuelt. Else sjekkar om det er aktuelt at denne saka blir teke opp på nytt.

Sak 6: Saker som har komme til

Open hall: Open hall er eit prøveprosjekt frå Tambarskjelvar IL. Dette vert fredagar i partalsveker, oppstart i veke 42, frå 18.00-19.30. Der vert det minst 1 vaksen til stade og kanskje nokre eldre ungdommar som arrangerer ulike aktivitetar. Dette er feks volleyball, innebandy, fotball, badminton, kanonball osv. Det er gratis å komme, men ein vert utestengt dersom ein tullar, forsøplar etc.

Else Osmundnes Kvamsås
Referent